



FISKERIDIREKTORATET Hordaland fylkeskommune

20 DES 2016

Kvinnherad kommune  
Rosendalsvegen 10

5470 ROSENDAL

Sakshandsamar: Ingerid Bjørkevoll  
Telefon: 91393269  
Seksjon: Forvaltningsseksjonen i region  
Vest  
Vår referanse: 16/13036  
Dykkar referanse: 2012/2984-139  
Vår dato: 15.12.2016  
Dykkar dato:

Att: Kjartan Thoresen

## KVINNHERAD KOMMUNE HORDALAND - HØYRING AV FRAMLEGG TIL KOMMUNEPLAN AREALDELEN 2016-2026 - FAGLEGE INNSPEL

Syner til brev av 26.09.2016 med framlegg til arealdelen av kommuneplanen for Kvinnherad kommune.

Fiskeridirektoratet region Vest ynskjer i utgangspunktet å gå til motsegn mot dette planframlegget, fordi vesentlege fiskeriinteresser i Kvinnherad kommune ikkje blir sikra gjennom framlegget. Men vi ser at vi ikkje kan gå til motsegn mot planframlegget som ligg føre no, sidan vi ikkje kom med uttale ved varsel om oppstart av plan.

Vi håpar likevel at kommunen vil ta til følgje våre faglege innspel til framlegget til kommuneplan arealdel for Kvinnherad kommune.

### Fiskeridirektoratet si rolle og ansvar i arealplanlegginga

Fiskeristyresmaktene er ansvarleg for forvaltninga av dei levande marine ressursane, fiskerinæringa og kontroll med akvakulturnæringa. Fiskeridirektoratet sine regionar skal ta vare på desse interessene i det regionale og lokale planarbeidet.

### Faglege innspel

- Alle fiskebruks- og ressursområde som er nemnde i avsnitta under må takast inn i kommuneplanen, enten som føremål fiske eller som kombinert føremål fiske i lag med føremål som friluft, natur og ferdsel-farlei.
- Akvakulturområder som kjem i konflikt med trålefelt må justerast slik at dei ikkje utgjær noko konflikt for utøving av fiske.

## **Fiskebruks- og ressursområde**

Ein del fiskeområde er teikna feil i kartet til arealplanen. I kartverktøyet på heimesida til Fiskeridirektoratet (<http://www.fiskeridir.no/>) kan de finne riktig utstrekning av områda.

## **LÅSSETTINGSPLASSAR OG KASTEPLASSAR**

Vi har i våre registreringar ein låssettingsplass i Ferjevågen på Varaldsøy. Denne låssettingsplassen er av 2. prioritet og kjeldene informerte under siste revisjonsmøte (06.06.2013) at denne plassen er viktig når fiske går føre seg i denne delen av Hardangerfjorden. Låssettingsplassen vart vurdert til å ha regional verdi i samband med brislingfiske på bakgrunn av informasjon frå kjeldene. Denne låssettingsplassen må derfor takast inn i kartet til arealplanen. Ei eventuell utvikling av småbåthamna i Ferjevågen må gjerast i samråd med fiskarar som brukar området og Fiskarlaget Vest.

Vi har registrert to 2. prioritet låssettingsplassar i Sandvika på Halsnøya som sjåast på som regionalt viktige i samband med brislingfiske. Desse områda er satt av som friluftsområde (VFR39 og VFR65). Låssetting vil ofte ikkje vere i konflikt med friluftsliv i og med at områda kan fritt brukast til andre aktivitetar når dei ikkje blir brukt til fiske så lenge der ikkje kjem faste installasjonar. Desse låssettingsplassane må takast inn i kartet til arealplanen.

Vi har registrert ein 1. prioritet låssettingsplass i Bøvika på Borgundøya som vurderast til å ha regional verdi i tilknytning med brislingfisket. Dette området er satt av til friluftsområde (VFR50) i arealplanen. Denne låssettingsplassen må takast med på kartet til arealplanen.

## **GYTEFELT**

Vi har registrert eit gytefelt for torsk og raudspette i Ranavika – Naustvik på Halsnøya. Dette området er delvis satt av som Friluftsområde (VFR64). Gytefelt vil ikkje kome i konflikt med friluftaktivitetar. Dette området må takast med i arealplanen.

## **TRÅLFELT**

Trålfeltet som vi har registrert i Høylandssundet er teikna av riktig og med riktig kategori; fiske, under eit av arealformåla for «Kommuneplan under arbeid 3» på kommunekart.com. Trålfeltet må takast med i arealplanen.

Fiskefeltet som er teikna inn lenger nord i Høylandssundet, frå Sandvollholmen og opp forbi Bjelland er ikkje teikna inn likt med våre registreringar.

## Akvakultur

På lokalitet 12126 Rossnes kjem området for akvakultur, friluftsliv og ferdsle (FFA) ut i eit trålfelt. Dette området må tilpassast trålfeltet.

På lokalitet 28096 Slåttenes er det lagt inn ein 160 meter buffer utover område satt av til akvakultur i gjeldande plan. Fiskeridirektoratet region Vest kan ikkje godta dette fordi anlegget allereie legg beslag på ein del av eit trålfelt. Eventuelle endringar må derfor sendast på høyring til oss og fiskarar som brukar området og Fiskarlaget Vest, og ikkje gå direkte til behandling hos Fylkeskommunen utan å ha fått dispensasjon.

## Føresegner og retningslinjer

Ifølgje punkt 8.5.4 under 8.5 «Akvakultur» kan kommunen etter eige skjønn krevje reguleringsplan, om tiltaket av art eller omfang krev nærare retningslinjer/føresegner. Fiskeridirektoratet region Vest meiner at det vil bli for lite fleksibelt og ta for lang tid å utarbeide reguleringsplan i samband med akvakulturanlegg. Det er også eit problem at ein ikkje har eigedomsrett i sjø.

Fiskeridirektoratet region Vest tykkjer det er positivt at kommunen har med at oppdrettanlegg ikkje bør lokaliserast slik at bruken av kaste- og låssettingsplassar til tradisjonelt fiske vert hindra i 8.5.7 i retningslinjene. Anlegg må heller ikkje bli lokalisert slik at dei hindrar tråling.

For spørsmål kring våre faglege innspel ber vi dykk ta kontakt med sakshandsamar.

Med helsing

Leni Marie Lisæter  
seksjonssjef

Ingerid Bjørkevoll  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan underskrift*

**Mottakarliste:**

Kvinnherad kommune                      Rosendalsvegen 10    5470    ROSENDAL

**Kopi til:**

Fiskarlaget Vest                      Slottsgt. 3                      5003    BERGEN  
Fylkesmannen i Hordaland              Postboks 7310                  5020    BERGEN  
Hordaland fylkeskommune              Postboks 7900                  5020    BERGEN  
Kystverket Vest                      Postboks 1502                  6025    ÅLESUND